



## Møte i skulemiljøutvalet 02 - 24-25

**Dato:** 22.11.2024 08:15

**Deltakere:** Agnes Noraberg Pettersen; Guro Storhaug; Ida Betten Kleve; Ilse Kornelia Hoomoedt; Kari Tormodsvik Temre; Kjetil Kiland Haakenstad; Per Gjermund Løvold Askje; Siv Reidun Eide; Torjus Mondal Ljostad

**Fraværende:** Danylo Lutsyk; Hildegunn Håland; Knut Magne Momrak; Microsoft 365 Backup; Sverre Skogen; Touka Mohamad Saleh-Alabed

### 1. Velkommen og kort presentasjon av saklista

#### Beskrivelse

Registrering av møtte  
Har medlemmane kommentarar  
Innspeil til saklista

#### Beslutning

Gjennomgått og godkjent

### 2. Kva har skjedd sidan sist møte

**Kategori:** Informasjon

#### Oppsummering

Har vore litt utfordring med to-faktor, men ikkje eit stort problem.  
Det at elevane ynskjer å bruke mobil i verkstaden kan løysast med å ha avtale med faglærer - dette bør ein ta opp med faglærarane.  
Oppfattinga er at mobilordninga fungerer bra.  
Framleis ynskje om at menyen i kantina også vert lagt på teams. Viktig for å sleppe å gå opp i kantina for å sjekke.

#### Beslutning

Kort gjennomgang.

### 3. Forslag til skuletilbod for neste skuleår - skuletilbodssaka

**Kategori:** Drøfting

#### Beskrivelse

Rektor informerer om kva som står i saka. Me ser på kva konsekvensar dette får for oss.  
Hovudutval for utdanning, forkehelse og tannhelse har hatt saka oppp i sitt møte 19. november

Saka skal vedtakast i Fylkestinget 10. desember.

Utklypp frå 24/04666-6/Skuletilbod 25/26

Helse- og oppvekstfag Behovet for kompetanse innan helse- og oppvekstfaga er aukande, særleg blir det behov for fleire helsefagarbeidarar. På Vest-Telemark, Rjukan og Kragerø vidaregåande skular har tilbodet på Vg2 variert noko frå år til år. Rjukan og Kragerø vidaregåande skular har anten hatt barne- og ungdomsarbeidarfag eller helsearbeidarfag, eller nokre gonger begge. Vest-Telemark vidaregåande skule har hatt begge tilboda på Vg2, inneverande skuleår med høvesvis 9 og 7 elevar i gruppene. Dersom fylkeskommunen tilbyr begge Vg2-løpa, blir gruppene små og utgiftene per elev høge. Fylkesdirektøren foreslår å avvikle Vg2 barne- og ungdomsarbeidarfaget på alle tre skulane. Tilbodet finst på Notodden og Skogmo vidaregåande skular. For elevar som ønskjer det, er det mogleg med eit tilbod om eit 1+3 vekslingssløp der eleven blir lærling etter Vg1.

Dei som har fagbrev kan om dei ønskjer søkje seg inn i VG3 påbygg på alle skulane, og må då vere merksame på at opplæringa blir gjennomført fem dagar i veka.

Fylkesdirektøren har fullmakt til å avgjere kor mange elevplassar kvart enkelt tilbod skal ha i samband med inntaket. Vedtaket i denne saka avgjer kva elevane kan søkje på for skuleåret 2025-2026. Kva som blir det endelege tilbodet, blir først avgjort i justerings-saka våren 2025 når elevsøkninga er klar

Vest-Telemark og Rjukan Fylkesdirektøren fordeler midlar til skulane gjennom ein fordelingsnøkkel. Denne nøkkelen tek utgangspunkt i elevtalet på kvar enkelt skule, og kompenserer for andre vesentlege faktorar. I førebels fordeling av budsjett til skulane for 2024 måtte fylkesdirektøren løyve høvesvis 2 og 6 mill. kr. til Rjukan og Vest-Telemark vidaregåande skular for å kompensere at skulane har eit skuletilbod, som både på nivå og i breidd er større enn det elevgrunnlaget tilseier. I haustjusteringa av budsjettet for 2024 er det forventat at tildelinga til Vest-Telemark vidaregåande skule må aukast ytterlegare. Begge skulane opplever utfordringar med å rekruttere lærarkompetanse på enkelte område. I tillegg vil begge skulane, som andre skular i fylket, ha elevantalsnedgang framover. Nedgangen rammar naturleg nok dei mindre skulane hardare enn større skular. Fylkesdirektøren legg til grunn at den gjeldande skulestrukturen ligg fast. Vest-Telemarkkommunane har nyleg inngått ein bygdevekstavtale med regjeringa. Seljord, Kviteseid, Nissedal, Fyresdal, Tokke og Vinje kommunar skal delta i eit utviklingsarbeid som skal bidra til busetjing, tilgang på kompetent arbeidskraft og framtidsretta næringsutvikling i dei minst sentrale delane av Distrikts-Noreg. Avtalane skal danne ramme for å møte særlege behov, moglegheiter og tverrgåande utfordringar i distriktskommunane og tenkje nytt om løysingar.

På grunn av distriktsomsyn har Telemark eit for kostbart vidaregåande skuletilbod. Telemark er eit geografisk stort fylke med ein forholdsvis låg befolkning. Framover vil det etter vurderinga frå fylkesdirektøren bli endå meir utfordrande å gi eit godt opplæringstilbod i alle område. Stor breidd i tilbodet er ikkje berre eit spørsmål om økonomi, men også om fagmiljø. Fylkesdirektøren vurderer derfor at det med utgangspunkt i vedteken skulestruktur er nødvendig å vurdere aktiviteten (nivå og breidd) ved høvesvis Rjukan og Vest-Telemark vidaregåande skular for å tilpasse skulane til ein ytterlegare reduksjon i elevtal. Fylkesdirektøren vurderer at desse skulane spelar viktige roller i lokalmiljøet, og legg til grunn at det vil vere mogleg å søkje samarbeid med kommunar og lokalt næringsliv for å få til gode løysingar.

Vedtaksforslag: "Det blir gjennomført eit utgreiingsarbeid for å sikre eit meir økonomisk og pedagogisk berekraftig tilbod ved Vest-Telemark vidaregåande skule. Rolla skulen har i utvikling av lokalsamfunnet og rolla som regional utviklingsaktør blir vektlagd. Arbeidet skal skje i nært samarbeid med kommunane i Vest-Telemark og lokalt næringsliv, og skal koplast til rolla frå fylkeskommunen i bygdevekstavtalen for kommunane i Vest-Telemark. Forslaget blir lagt fram for fylkestinget våren 2026. "

Med stor etterspurnad etter arbeidskraft mellom anna i helse- og omsorgssektoren, vurderer fylkesdirektøren at vekslingsmodellar og vaksenopplæring må sjåast på som ein del av det samla utdanningstilbodet i Telemark.

Fylkesdirektøren legg til grunn at elevane i all hovudsak skal møte på skulen. Erfaringane frå pandemien og signala gitt i ny opplæringslov støttar dette. Likevel vil eit godt digitalt tilbod for ungdommane kunne bidra til å løyse både økonomiske og distriktsmessige utfordringar, og dessutan at det kan gi elevane eit breiare tilbod enn det som er mogleg innanfor dei økonomiske rammene i fylket.

Fylkesdirektøren vurderer at elevtransport heng tett saman med områda som skal vurderast over. Fylkesdirektøren legg derfor til grunn at forhold knytt til elevtransport blir vurdert der det er relevant.

## Oppsummering

Det ligg i forslaget å ikkje tilby Barne- og ungdomsarbeider. Etter møtet som var i hovudutvalet denne veka, så er forslaget å behalde dette tilbodet, men det er fylkestinget 10. desember som avgjer.

SMU ser at det må jobbast for å imøtekomme behov for å skjere ned på tilbod i fylket grunna elevtalsnedgang, og er budde på at me må ta nye rundar der ein ser kva skulen kan gjere for å greie å gje eit tilbod som er bærekraftig.

## Beslutning

Rektor orienterte,

## 4. Elevundersøkinga

Kategori: Informasjon

### Beskrivelse

Vi er i gang med undersøkinga.

Presentasjon av forrige undersøking.

Kva er prosessen vidare med undersøkinga i år.

### Oppsummering

Rektor orienterte

### Beslutning

Resultata kjem i slutten av januar. Då må Elevrådet og SMU jobbe med desse.

Elevane vert oppfordra til å delta, svare ærleg og gje riktige svar.

## 5. Utviklingssamtaler med føresette

Kategori: Drøfting

### Beskrivelse

Vi er i gang med to kveldar der elevar og føresette kan få møte faglærarar til samtale.

Kva tenkjer SMU om ordninga?

### Oppsummering

Faglærarar syns det er fint å kunne gje tilbakemelding direkte munnleg og ikkje skriftleg via kontaktlærar.

Litt utfordrande å fine ut når ein har samtale, og lærarane må halde tida.

Kan det vere mogleg å få litt luft mellom kvart møte, slik at lærar har litt å gå på?

### Beslutning

Elevane syns ordninga er jamt over god.

## 6. Skulemiljø - Kva er bra? Har noko blitt betre? Kan noko bli betre?

**Kategori:** Drøfting

### **Beskrivelse**

Me tar ein runde på kva me ser på som bra med skulemiljøet på Vest-Telemark vidaregåande skule  
Er det noko me har hatt innspel på og kommentert som har blitt betre?  
Er det område me treng å forbetre oss på?

### **Oppsummering**

Elevane syns jamt over at skulemiljøet er godt.

Det har kome ynskje om betring av ventilasjon også på rom 16 og 17, og det er etterlyst ein plan for dette. Dette er sjekka ut med fylket og det har ikkje kome kokret inn på noko prioritert tidsplan, men det er i prosess i same venda som ventilasjon i kantina.

Det vert tilbod om skuterkurs i vinter. Det vert jobba med å få til skuterkurs i skuletida for VG2 EL/TEK, men ikkje heilt klart enno.

Shuffleboardet skal i gang att, men me må finne nokre reglar som gjer at ein har litt meir kontroll. SMU dørfta ulike alternativ. Å flytte bordet vil vere utfordrande fordi ein då må flytte på møblar. Utlån av utsyr er eit alternativ ein kan prøve først.

### **Beslutning**

SMU har ikkje noko innspel til skulemiljøsaker me treng å jobbe med pr no, men ynskjer å få i gang att shuffleboardet. SMU spelar inn at ein i første omgang kan låne ut utstyret ved å skrive namn på ei liste.